





Nr 1 | 2021 | 72. årgang



*Ave crux spes unica meum –  
Ver helsa du kross,  
mi einaste von*



# Ave crux spes unica meum – Ver helsa du kross, mi einaste von

Då Hyllestad kyrkje var ny i 1880, stod det ein kvit trekross med forgylte kantar framme ved alteret. I 1902 kom så altertavla som er der i dag, med Jesus i Getsemane. Under den står det «For Eder».

Då eg var liten gut og vaks opp i Hyllestad, var eg ofte med foreldra mine til kyrkje. Litt «lopper i blodet» hadde eg, og var mykje rundt og utforska forskjellig. Oppe på galleriet, bak orgelet, stod då den kvite trekrossen, med innskrifta: «Ave crux spes unica meum». Det synst eg var nokre fine ord, og eg pugga dei. Først seinare lærte eg tydinga: «Ver helsa du kross, mi einaste von.»

I fleire kyrkjer har denne helsinga vore ein del av liturgien på langfredag. Ein har fått vore med å hylle krossen, å hylle Jesus, ved at ein har fått komme fram til ein kross. Der har ein kunne knela, bukke og vist ære på denne måten for det store som skjedde ved Jesu død for oss.

Kristne over heile verda kan aldri slutte å undre seg over det Jesus gjorde på krossen.

Påska 2021 vart og ei tid utan gudsteneste i kyrkjene våre, for andre året på rad. Som prest, hadde eg ei heller roleg påske. Like fullt brukte eg tida til å lese tekstane, høyre på gudsteneste og påskesalmane, vere på open kyrkje.

Så tok eg og fram frå bokhylla ei lita bok eg las for mange år sidan: «Bilder til å begripe – Korset sett fra ulike synsvinkler.» Den var svært lettlest, «sjølv om» den er skriven av ein svært godt utdanna mann, professor i



teologi Alister McGrath, frå Belfast i Nord- Irland. Han er og utdanna i fysikk og kjemi. Han har skrive mange bøker og blitt nytta verda rundt som ein populær foredragshaldar.

På slutten av boka undrar han seg over at nett krossen, som var ein torturreiskap, vart «logoen» for kyrkja. Ingen organisasjon ville vel valt ein galge, eit gasskammer, eller ein elektrisk stol, som sin logo? Opp gjennom tida har det heller ikkje mangla på dei som har råda kyrkja til å finne noko som kunne «kommunisere» betre.

Mc Grath skriv på slutten av boka at krossen har ei særeigen tyding som aldri må gå tapt. Den er nett eit symbol på kristen realisme. Krossen er symbol på liding og død, og det minner oss om noko me aldri kan gløyme, men heller takke for: Gud kom inn i vår lidande og døydande verd for å gie den liv. Den konfronterer det verste som verda kan by på – og peikar på ein betre veg. Krossen står der som eit symbol på det håp som kan

endre og forvandle, i ei verd som altfor ofte er prega av vemod og tårer. Krossen er difor først og fremst eit symbol på HÅP, eller VON som me og seier på nynorsk.

«Ver helsa du kross, mi einaste von», står det på den gamle kvite trekrossen i Hyllestad kyrkje. I ei tid med pandemi og uvisse, har desse orda ikkje mindre betydning enn før. Tvert om syner dei slitestyrke!

Jesus vart ikkje verande på krossen men vart lagd i ei grav. Så stod han oppatt, og gav oss eit levande håp: «Døden er slukt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger?» (1. Kor.15,54b).

Til sist ordet som kvar dag vert nytta av den verdsvide kyrkja i sine bønner. Det lyder ved kvar dåp, og også ved gravferder:

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.» (1. Pet.1,3)

A.S.

# Endringar i prestetenesta i Hyllestad

I august 2020 skreiv eg eit brev til arbeidsgjevaren min: Bjørgvin bispedøme, der eg ynskte å gå over i ein annan stilling fram mot pensjonsalder.

Eg grunn gav det med følgjande:

- Sidan 1984, i 37 år, har eg vore kyrkjelydsprest, og mestedelen sokneprest. Det meste av tida og i Sogn, så eg meiner å kunne kalle meg ein ekte «sokneprest»! Det har vore ei gjevande teneste, men og til tider mykje ansvar, og fordelt på fleire kyrkjelydar. Dei siste åra no ynskjer eg difor ei teneste meir med «seniorprest/prostiprest – oppgåver», skreiv eg. Noko eg signaliserte allereie då eg tok til i tenesta her i Hyllestad i 2015.

## Kva skal eg gjere no?

Ikkje minst den nye prost, Knut Magne Nesse, såg at dette burde ein få til, også i ei tid der det kan bli prestemangel.

Oppgåvene mine framover, i samråd med prost/bispedøme og kyrkjelydane, vert då:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar spesielt i sokna i Sunnfjord frå Askvoll i nord til Høyanger i sør, men og å vere disponibel i prostiet elles.
- Samtale- og sjelesorg / diakoni. Her trur eg det er eit stort behov, og ikkje alltid det prestar får prioritere høgast mellom andre arbeidsoppgåve. I dette nummeret står det om ein som opplevde å få bønnesvar gjennom salving og forbøn. Eg er audmjuk på at å oppleve dette er veldig stort. Det har skjedd nokre gonger, i det stille. Personen her



Visesonger Vivian Steinsland i Stiftinga kystkultur, overrekte kopi av gamal mynt, prega med Olav Trygvason, til Audun Systad på «Sunnivaseglas-gudstenesta» 30. august ifjor.

ynskte at dette skulle komme ut til andre. Gud har gjeve ei slik teneste til kyrkjelyden og den kunne vore brukt meir. Ver ikkje redde å ta kontakt! Om det «berre» er for å «lette trykket» i ei krevjande tid, eller svære utfordringar det er tøft å meistre! Du skal bli møtt og bli teken på alvor!

- Kystpilegrimsleia og «arven frå vest». I dette kyrkjelydsbladet står det mykje om det. Kvernsteinsparken er no ein nøkkelstad på Kystpilegrimsleia. Det som er spesielt her er steinkrossane som kom herifrå. Bispedømet ynskjer at eg kan bruke noko av stillinga inn mot dette. Det er veldig spennande framover, og her har me noko unikt i Hyllestad. Sjå og nettsida til kystkultur.no
- Samtalekveldar/»tid for tru». Me har hatt nokre slike i

Hyllestad. Det kan bli fleire her, og i andre kyrkjelydar.

## God vikarordning i året som kjem:

Personleg er eg svært glad for at studiekamerat og slektning, Karl Hjelmeland har teke på seg eit års vikariat som sokneprest i Hyllestad. Han har før hatt ei lang og god teneste her, og kjenner mange av dykk. Han vil trenge avlastning i eit større område.. Så nærmar me oss begge to pensjonsalder (sjølv om ein i dag kan stå til ein er 70). Difor er det ei oppgåve å sjå etter og be om at det legg seg til rette med nye krefter framover, både når det gjeld prestetenesta og andre teneste i kyrkjelydane. Takk og til gode frivillige medarbeidarar, som det er godt å samarbeide med. Guds fred!

Audun Systad



# Kai vart kvitt leddgikta

«Du har fått eit mandat frå himmelen!» seier Kai til meg. Han seier det rett nok ikkje på nynorsk eller sognamål. Dialekten røpar eit austlandsk opphav. Far hans kom frå Jæren, mor frå Nordland, men oppveksten var i Buskerud, Ringerike og Drammensområdet. På «Drammen Paper Mill» arbeidde far, seier han, og der var det ein del sogningar, helst frå dei indre bygdene i Luster. Oppveksten inneheldt turar dit; reale folk var det. Elles har livet vore mangslunge for Kai, men no sit han her på Eide i ytre delen av Hyllestad. Han er takknemleg, Helsa hadde skranta. Helsevesenet er gode å ha, seier Kai. 17.februar i år oppdaga dei ein vondarta svulst på høgre nyra. Då var det og godt å kunne ta kontakt med vener i bønegruppa her i Hyllestad kyrkje, kristne vener i Oslo og på Lista; begge stader har han budd. Kai Kolnes kom til tru på Jesus i godt vaksen alder. Trua er dyrebar for han.

12 dager i februar var han på sjukehuset i Førde. Det var eit ord som tona i han, under det opphalde; FRED. «Og Guds fred som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.» (Fil.4,7). Den freden var der når han snakka med sjukehusprest Helene, og han opplevde å «bli boren på bønnens vinger»

Samstundes var smertene der framleis, ikkje minst av den vonde leddgikta, som gjorde at han vakna i 2-tida om natta, i 4-tida og ofte fleire gonger. Han hadde sprøyter for det, men dei vart teken bort, men smertene var også då sterke.

Han kontakta presten og fekk nattverden. «Helsevesenet er gode på helse, men når det

gjeld det evige liv, sorterer det under ein annan stad», skøya han med dei tilsette på sjukehuset. «Då kontaktar eg presten!».

Så tenkte Kai meir og meir på noko anna, som står i Bibelen. Nærare bestemt i Jakob 5. Overskrifta er FORBØN OG OMSORG:

*«Er det nokon av dykk som har det vondt? Då skal han be. Er nokon ved godt mot? Då skal han syngja lovsongar. Er nokon av dykk sjuk, skal han kalla til seg dei eldste i forsamlinga, og dei skal be over han og salva han med olje i Herrens namn. Og bøna som er boren fram i tru skal berga den sjuke, og Herren skal reisa han opp. Og har han gjort synder, skal han få dei tilgjevne. Vedkjenn då syndene for kvarandre, og be for kvarandre, så de kan bli lækte.» (v.13-16)*

2.pinsedag kom presten. Audun kom og utførte det som står i Bibelen med bøn og salving. Ja, det er komme ein eigen liturgi på det bak i Salmeboka. Den vart brukt. Ikkje noko lang stund var det.

Kort fortalt: Underet skjedde. Leddgikta forsvant! I løpet av neste dag kunne Kai ta knebøyningar – Takk og lov! Det var lenge sidan sist! Livskvaliteteten vart endra. På bønensamlinga var det lovsong!

Den litt langhåra 66-åringen ser på meg: «Eg har jo bruk for helsevesenet fortsatt» seier han, men revmatologen skjønnte ikkje dette. Plusteleg var leddgikta borte. Då har eg i alle fall ein underliggande sjukdom mindre, og det andre vert heldt i sjakk.

Så vil Kai gjerne fortelje til lesaren at det finst «eit mandat frå himmelen» Til kyrkja og dei kristne er det sagt at ein skal



be for sjuke, slik Jakobsbrevet uttrykkjer det. I det ligg mandatet.

Så sit han her på Eide, Ytre Sogn, og er takksam for at Beate og Arne på Lavikdalen, vener sidan 1984 ved opphald på Askelund i Balestrand, viste han at dette er ein stad han kunne bu.

Ikkje gløym mandatet, seier han til meg, og til alle som les dette. Det er noko verdifullt som er gjeve til kyrkjelyden frå Gud.

## Epilog:

Tusen takk til Kai som delte sitt vitnemål med kyrkelydsbladet!

Som prest vil eg gjerne uttrykke at det med å be for sju-

ke og salve dei i Herrens namn, det er noko eg gjerne kunne tenke meg i enno større grad å praktisere!

Opp gjennom åra som prest, har eg fått gjere det ein del gonger, og oftare enn eg sjølv har trudd, har eg fått sett vel-signinga i det.

Mange gonger når eg har reist i eit slikt ærend, har eg kjent meg liten og ikkje så godt til mote. Men det er ikkje i meg sjølv eg skal leite etter frimodet. Det har me i Guds ord og lovnad. Ja, me har eit «mandat frå himmelen»!

Ta gjerne kontakt om det er noko du vil me skal be for.

Audun prest

# Helsing frå soknerådsleiar, Linda Ølmheim

1.Kor.12,27

«Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han». Det å vere ein kristen er å vere lagspelar.

Om du bryt lillefingeren – ja, så lir heile kroppen. Om høgrefoten scorar – så vinn heile kroppen.

Om venstrebacken lir – så slit heile laget.

Om spissen scora – så vinn heile laget.

Det er viktig med god lagånd – ein definisjon på Lagånd går slik: «En genuin omtanke for andre. En iver etter å ofre personlege interesser av anerkjennelse til det beste for alle» Som kristne er vi alle ein del av Jesu kropp på jorda. Vi er Jesus – men vi er det ikkje meir enn andre – vi treng Heile laget! Vi treng samholdet

og styrken i fellesskapet frå innsida, og variasjon i eigenskapar og gåver i handling. Og mest av alt: vi treng å vere påkobla hjarte og hovudet. Ingen kan vere Kristi kropp heilt på eiga hand – vi er lemmene på Kristi kropp. Utan Han manglar laget vårt både plan og mening.

Mi bøn idag: Takk Jesus for at vi Alle har ein plass i din nærleik – at vi er lem på din kropp. Takk for at vi er kobla på innover mot Deg og på same tid har ein plass i ditt arbeid på jord.

Hjelp oss å bygge God lagånd – lytte og sjå dei som er rundt oss. Takk for at du elskar oss alle og kan bruke oss – med den vi er og det vi har. Amen

Linda Ølmheim

## Velkommen attende til Hyllestad, Karl!



Frå 1. august er Karl Hjelme-land attende som sokneprest i Hyllestad. Karl var, som dei aller fleste veit, sokneprest i Hyll-estad frå januar 1994 til sept./okt. 2008, då han gjekk gjekk inn i teneste som sjømannsprest på Lanzarote og sidan Gran Canaria fram til oktober 2014. Frå 1. nov. 2014 og fram til no, har han vore sjukehusprest ved Haraldsplass Diakonale sjukehus.

Vi i staben ser fram til, på ny å samarbeida med Karl og ynskjer han velkommen attende. I tillegg til å vera sokneprest i Hyllestad, skal han vera sokneprest i Lavik, samt Høyanger sørside. Dette vert mange sokn, so det vert nok ein god del samarbeid med Audun prest og.

aås



# Utdrag frå årsrapporten

(Heile årsrapporten finn du på [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no))

Kyrkjelydsmøte med framlegging av Hyllestad sokn sin årsrapport var planlagt i forlenging av gudstenesta i Hyllestad kyrkje søndag 15.

mars(2020) kl. 16:00. Dette var søndagen etter at heile landet vart stengt ned etter koronapandemiutbrotet. Den planlagde gudstenesta med

påfølgjande kyrkjelydsmøte vart difor avlyst på kort varsel. Det vart ikkje opna for gudsteneste igjen før seint i mai 2020.

## LIVSRITER

|                           | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---------------------------|------|------|------|------|
| Dåp - totalt              | 12   | 10   | 8    | 7    |
| Dåp - busette i Hyllestad | 7    | 7    | 4    | 5    |
| Konfirmant                | 17   | 18   | 10   | 18   |
| Vigsel                    | 1    | 0    | 0    | 0    |
| Gravferd                  | 17   | 15   | 20   | 19   |

Vi prøver å orientere om og invitere til dåp i kyrkjebladet. Vi får ikkje lenger informasjon når eit barn blir født og difor er ein slutta med å sende invitasjon direkte til familiar.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei eit dåpslys.

Som året før var tal gravferder høgt, 19 stk. men med annleis fordeling enn i 2019, som står i parentes. Fordelinga var 4 (9) i Hyllestad kyrkje, 5 (4) i Bø kyrkje, 9 (4) i Øn kyrkje.

I eit kort tidsrom, 1. september til 8. oktober var det heile 8 gravferder. Dette var i tida mellom då Gunvor Karin Instefjord vart sjuk og slutta og Helge Oddvin Systad var tilsett. Då var det òg opna for gudstenestefeiring att med avvikling av konfirmasjons- gudstenestene. Avviklinga gjekk greitt takka vere at vi fekk hjelp av vikarar under kyndig rettleiing av Gunvor Instefjord. Soknerådsmedlemer tok òg i eit tak. Helge som søkte og vart tilsett var til betydeleg hjelp.

## Barne- og ungdomsarbeid – Hyllestad sokn 2020

2020 vart eit spesielt år – også når det gjeld trusopplæring. Heldigvis hadde vi gjennomført svært mange av dei planlagde tiltaka for vinter/vår 2020 då nedstenginga kom i mars. I haust har vi hatt fordelene med å bu i ein liten og oversikteleg kommune med lite smitte i lokalsamfunnet. Difor har vi kunne avvikle dei aller fleste tiltaka, stort sett utan å gjere store endringar. Hausten 2020 vart berre eitt trusopplæringstiltak avlyst grunna Covid19.

Når det gjeld konfirmantane, har nok dei vore meir råka av den spesielle situasjonen.

Med Covid -19, vart likevel ein del sett på vent. Vi ville utvikle myldresamlingane og bygge vidare på dei. Likeeins hadde vi stilt spørsmål om kva

vi gjer med dei som er blitt for gamle til myldresamlingane. Vidare «myldring» om dette vart utsett grunna nedstenging og restriksjonar.

Følgjande trusopplæringstiltak var planlagt og stort sett gjennomført for 2020.

### Myldresamling

Det var planlagt 4 myldresamlingar – ei samling i mnd – for 3- til 6-åringar vinteren/våren 2020. Det vart 2 samlingar, myldresamlingane i mars og april vart avlyste.

15 born av 36 var med på 1 eller begge samlingane. Myldresamlingane er onsdagar kl. 17.15. Det startar med ei samlingsstund på ca. 30 min med song (songkort), bibelforteljing med

flanellograf og lystenning. Bibelforteljingane hentar vi frå Mi kyrkjebok 4 og Mi kyrkjebok 6 som dei har fått eller vil få. I vår var tema Jesus og borna, samt Jesus vert døypt. Myldresamlingane vert avslutta med kveldsmat og frileik. På samlingane var og er det stor trivsel.

Kvar haust har det i fleire år vore eigne samlingar for dei ulike aldersgruppene.

Fleire gonger har vi vurdert om vi skulle endre samlingane om hausten, og invitere fleire alderstrinn samstundes – slik det vert gjort i vinterhalvåret. Men førebels held vi fast på slik det har vore.

**Hausten 2020 var det difor:** Myldresamling for 2- og 3-åringar

Alle fekk boka: Måne og sol, frå IKO – ei kartongbok med lyd

6 born var med på samlinga.

Også i haust inviterte vi til måltid, men då serverte vi juice/mjølke og yoghurt.

4-årssamling og hausttakkefest med utdeling av bøker. I 2020 vart det delt ut ei ny 4-årsbok på hausttakkefesten: Sindre Eide: Kyrkjeboka Mi og Kyrkjeboka Mi Aktivitetar på 4-årssamlinga. 5 av 7 var med på ei eller begge samlingane.

**Kyrkjerottesamling:** Det var planlagt 2 samlingar for 5-åringane. Første samling måtte avlysast grunna koronsituasjonen. På andre samlinga kom det ingen, mest truleg grunna hauststorm og mykje nedbør.

### Førsteklasses

og Mi kyrkjebok 6:

7 av 12 6-åringar var med på opplegget begge dagane. På samlinga høyrde vi om Bartimeus og dei fekk utdelt Mi kyrkjebok 6 - Gjere saman. På familiegudstenesta vart MI kyrkjebok 6 delt ut.

### Myldresamling advent/jul.

I tråd med smitteverns-reglar, inviterte vi gruppevis til myldresamling - Vi brukte same inndeling/kohortar som i barnehagen og inviterte berre avdelingane med dei eldste barna. På første samling var det 5 born, på neste 6. Invitasjonen vart lagt ut på Facebook og delt på Messenger og foreldre delte på lukka grupper. Det var godt med ei samling der ein kunne senke skuldrene litt i høve til smittevern.

I tillegg til song, lystenning, juleforteljinga og eit enkelt måltid, var det formingsøkt der dei laga englar.

Tårnagenthelga var laurdag i Øn kyrkje og søndag i



Hyllestad kyrkje.

Også i år var tårnagenthelga for 3.-4. klasse. 10 av 13 var med. På tårnagentgudstenesta søndag var det også oppstart av minikonfirmantopplegget og utdeling av biblar til 5. klassingar. 5 av minikonfirmantane fekk bibel denne søndagen. Dei andre fekk på samlingane.

Minikonfirmantopplegget består til vanleg av 4 samlingar rett etter skuletid, minikonfirmantleir på Alværa saman med minikonfirmantar frå andre stader i Ytre Sogn og gudsteneste med utdeling av diplom. I år fekk vi gjennomført 3 samlingar før alt vart stengt. Sjølv om opplegget vart ein del redusert, fekk vi avslutta på ein skikkeleg måte med gudsteneste og diplomutdeling i slutten av mai. 9 born var med på opplegget.

LysVaken er eit tilbod til 6. og 7. klasse og vert gjennomført annakvart år. Sidan vi ikkje fekk overnatte i kyrkja, vart det eit ettermiddags- og kveldsarrangement, der vi avslutta med gudsteneste kl. 22.00 laurdagskvelden. Ekstra stemning vart det då straumen gjekk under gudstenesta. 8 11- og 12-åringar var med på Lys Vaken.

### Utdeling av påskebøker.

Soknerådet ville gje alle born ei helsing frå kyrkja. Difor fekk alle ei IKO - bok om påske til påske. Boka vart lagt i postkassene.

Følgjande bøker vart utdelt:

Påske-fortellingen for de minste (1-2år)



Ulike påskeklistremerkebøker: (3-6/7 år)  
Påskeaktivitetsboka (6/7 -11 år)

Det vart delt ut 75 bøker.

### Etter soknerådsvalet hausten 2019, er følgjande med i Trusopplæringsutvalet:

Steinar Urnes (soknerådsrepresentant), Kari Nordbø Systad, Liv Kirsten Mjell Hofsvik og Toril Lange. Det manglar 1 medlem. Utvalet har hatt 1 møte der ein evaluerte tiltaka som har vore og planla komande tiltak. Utvalet bruker også Facebook-gruppe til planlegging.

### Vegen vidare.

Kyrkjelyden har nokre medarbeidarar som er med på samlingar gong etter gong. Utan desse hadde ein ikkje kunne invitere til såpass mange tiltak. Takk! Likevel er det ønskeleg med fleire medarbeidarar. Kanskje kan foreldre få ei meir direkte og konkret utfordring.

Det er også tid for revidering og forenkling av trusopplæringsplanen, slik det har vore omtala i fleire år. Det må gjerast i 2021.

Vi håpar at det også vinter/vår 2021, skal vere høve til å samle born og unge om den gode budskapen. Vi lengtar alle etter «normale» tider.



# Samarbeid kyrkje – skule – barnehage



Hyllestad kyrkje har ei sær sars god plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad. I januar 2020 utarbeidde soknepresten, saman med rektor og teamleiarar ved Hyllestad skule, ein samarbeidsplan for dei ulike klassane. Det var fleire år sidan ein hadde hatt ein slik plan. Denne planen kom, på grunn av nedstenginga, ikkje i funksjon før på slutten av 2020. Då hadde ein nokre skuleklassar i kyrkja. Planen er eit godt utgangspunkt for samarbeid vidare. Skulegudstenesta til jul er godt innarbeidd , og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein er veldig glad for å kunne få gjennomført to gudstenester for Hyllestad skule 18.desember. Der var det mange innslag, då det og var ei gruppe frå Hyllestad musikk-korps som deltok. For deltaking på skulegudstenester er det vanleg fritaksrett, men ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Dagen før, 17. desember, var det gudsteneste for barnehagen med fin deltaking.

**Konfirmasjonsundervisning**  
Konfirmantane i Hyllestad skulle ha konfirmanttime med øving til samtalegudstenesta 12.mars. Då vart Noreg ramma av koronapandemien og statsminister Erna Solberg sa

at no måtte landet stengast ned. Timen vår vart utsett og det er som oftast greitt når det gjeld ein time slik, men dette kom til å vare lenge. Neste konfirmanttime vart ikkje før i slutten av mai. Konfirmasjonsgudstenestene vart utsette. Før sommarferien hadde konfirmantane eit par timar ute i det fri. Elles deltok dei digitalt i fasteaksjonen. Der kom det inn eit bra beløp, sjølv om det ikkje var innsamling på dørene. Det kom kr. 16.327 , kr. 36 pr innbyggjar. (nr. 1 av 199 kommunar i Vestland fylke i høve til tal innbyggjarar)

I løpet av 8 dagar, i midten av september, vart det avvikla fem konfirmasjonsgudstenester. Det gjekk heldigvis fint, godt at dei kom før den nye nedstenginga i Hyllestad, med smittetilfella på Havyard i byrjinga av oktober. Den første gudstenesta i oktober måtte difor avlysast.

Konfirmantane bidrog og til ei nettside som heitte «Glede». Der sende dei inn bilete om kva som kunne gje dei glede midt i nedstenginga. Det kunne



vere eit vakkert naturbilde, ein aktivitet eller noko anna.

**Samtalegudstenesta** med konfirmantane vart onsdag 2. september. Her bidrog dei med lesingar, lystenning og bønner. Nokre av jentene framførde også dette året «Fadervårdansen» på ein vakker og verdig måte. På konfirmanttimen før gudstenesta arbeidde dei med såkalla «collage» med temaet «Tru og håp – i ei utfordrande tid». Det vart ganske kreativt! Elles fekk dette kullet med seg mykje før nedstenginga. Dei var på leir på Alværa i midten av januar , saman med Balestrand, Lavik og Bjordal. Då var ein så mange som 50 personar med leiarar. Sokneprestane Kjetil Netland frå Balestrand, Andreas Ester frå Lavik, Audun Systad frå Hyllestad, og kyrkjelydspedagog Toril Lange. Det var og med to unge jenter frå Madagaskar som var i Norge i regi av NMS. Dei bidrog fint inn i fellesskapet.

Som tidlegare år, var og dette kullet eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad og Lavik. Kirsten Gravdal Ryland var med deler av året. Linda Ølmheim var med heile året, også på alle fem konfirmasjonsgudstenestene i september.

Ein har brukt opplegget «Delta» som IKO gjev ut,

samstundes som det er lagt vekt på song og drama i løpet av året. Ein har freista teke med styrken frå det tidlegare opplegget «Følg meg», med mykje gruppearbeid. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

Ein hadde ei fin sommar-avslutning i Hamneparken i Sørbøvåg i juni. Det var i alt 18 konfirmantar i Hyllestad og 6 i Lavik, i kullet 2019/2020.

Kullet 2020/2021 er på 9 konfirmantar. Dei har hatt ganske jamlege samlingar i Hyllestad kyrkje, men berre få saman med Lavik, sidan konfirmantane i Hyllestad og Lavik er to ulike kohortar.

Leiarar er Linda Ølmheim og Audun Systad.

Kullet fekk ikkje dra på nattcup, som tidlegare, men fekk gjennomført lysmesse 1.søndag i advent 29. nov. med 67 menneske i kyrkja; då fordi konfirmantane vart rekna som deltakande i tillegg til dei 50 som var maksimumtalet ein hadde lov til.

Kyrkjevertordninga for konfirmantar fungerer fint med god respons frå kyrkjelyden.

**Base camp og ungdomsklubb**  
I Korona året 2020 har det ikkje vore drift i ungdomsklubben i kyrkja, ei heller vart det arrangert Base Camp hausten

2020. Då vi skjønte at eit større arrangement som Base camp, ikkje ville vere mogleg å gjennomføre, planla vi ei mindre leiarsamling seinhausten 2020, men då vi fekk ein auke av Korona-smitte lokalt i Hyllestad, måtte vi også avlyse denne. Dei ungdommane som er med i leiargruppa frå Hyllestad går no på skule i Bergen, og saman med ungdommar frå Askøy held dei no på med planlegging av Base Camp hausten 2021, noko som vi alle vonar skal bli mogleg om vaksinasjonsprogrammet held fram slik som planlagt.

– Vi sjåast til hausten.

| Gudstenester                                                                     | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|----------------------------------------------------------------------------------|------|------|------|------|------|
| Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst. | 56   | 50   | 53   | 47   | 43   |
| Frammøte totalt                                                                  | 2979 | 3207 | 3318 | 2597 | 1615 |

## Gudstenesteliv i Hyllestad

Medan ein i 2018 hadde kyrkjejubileum og bispevisitas, var det i 2019 eit «normalår» igjen i Hyllestad kyrkjelyd. 2020 må derimot karakteriserast som «annleisåret» på grunn av koronapandemien.

Oversynet ovanfor syner likevel at talet på gudstenester ikkje har vore så mykje mindre som ein skulle tru. I alt er det 14 færre gudstenester, og 982 færre deltakarar enn i 2019. Her spelar då restriksjonane på frammøte inn.

Gledeleg er det på ny å kunne skrive at trusopplærings-gudstenestene samlar mange born og familiar. Her får ein unik kontakt med ei breidde av denne gruppa i kyrkjelyden. I dei aller fleste av desse gudstenestene står kyrkjelydspedagog, organist og sokneprest saman om planlegging og gjennomføring. Gode hjelparar i trusopplæringsutval og andre stiller også opp; av dei og fleire foreldre, som syner interesse og støtte. Dette har naturleg nok vore noko mindre høve til å gjennomføre i 2020.

Den første «vanlege» gudstenesta etter nedstenginga 12. mars, var søndag 24. mai. Det var ei trusopplæringsgudsteneste, med diplom til minikonfirmantane. Elles var det ganske mange dåpsgudstenester i 2020.

Ein svært spesiell dag og kyrkjesøndag fekk me 30. august – med overrekking av kross frå

Hyllestad i samband med Kystpilgrimsleia. Dette vert det skrive meir om under det punktet.

**Ei annleis 17. mai-feiring**  
2020 gav også ei annleis 17. mai feiring utan tog og vanleg frammøte på dei offentlege stadane. For kyrkja sin del var det kjekt å få invitasjon frå Hyllestad kommune til å delta i den digitale sendinga, som vart teken opp rett utanfor kyrkja ved minnesteinen for krigsofra.

**Friluftsgudstenester sommaren 2020**  
Også før koronatida har det vore ganske mange friluftsgudstenester i Hyllestad. I 2020 var det 4. Desse er jo vêravhengig.



Best frammøte var det 16. august på Dagsturhytta med heile 42 personar som tok turen. Det var stråande sol. Trond Kråvik frå



Balestrand deltok på gudstenesta med gitar. På ei Facebook -side kunne ein lese i veka etterpå: « Flott friluftsgudsteneste ved Søre fjordshytta, dagsturhytta i Hyllestad. Ei gudsteneste med himmel over seg, bokstavleg talt, og nydeleg utsikt etter at skodda letta.»

På Risneshaugane var det 25 frammøte, med litt meir ustabilit ver. Friluftsgudstenestene ved Espelandsvatnet og Kvernsteinsparken i juni månad, hadde dette året nokre færre deltakarar. Det var både på grunn av ver og smittevern restriksjonar.

På friluftsgudstenestene fungerte det fint med «medbrakt» kaffi og niste.

Elles har den gode praten rundt kyrkjekaffien vore eit sagn i 2020. Den var godt innarbeidd før pandemien kom. Ein vonar at 2021 kan by på meir normale tilhøve igjen når det gjeld kyrkjekaffi.

### Kystpilgrimsleia

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilgrimsleia, som går frå Egersund til Trondheim. Den vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8.juli 2018. På ein «nøkkelstad» kan ein få «Pilgrimspass». Det kom på plass i Kvernsteinsparken i 2019.



### Krossoverrekking i Hyllestad kyrkje søndag 30.august – ei spesiell og fin hending

Sommaren 2020 fekk me i Hyllestad kyrkje eit spesielt spørsmål: Å vere med å legge til rette for ei gudsteneste, der det skulle bli overrekk ein kross frå Hyllestad til Bergen by. Dette i samband med Sunnivaseglaset og markering av 850-årsjubileum. Franziska Rüttimann Storemyr, avdelingsdirektør ved Kvernsteinsenteret, var med og tok initiativ til denne hendinga, saman med ordførar Kjell Eide i Hyllestad kommune.

Bakgrunnen var altså Sunnivaseglaset, ein kystpilgrimseglass med Sunnivaskrinet frå Selje

til Bergen. Dette i høve at Bergen kunne høgtide 850-årsjubileum som bispesete. Før låg det på øya Selja.

I Hyllestad kyrkje var det denne søndagen lagt opp til 50-årsjubileum for konfirmantane. Desse to hendingane kunne ein kombinere, sjølv i ei tid med smittevern. Når ordføraren Kjell Eide, samt handverkaren Torbjørn Løland som laga krossen, var konfirmantar for 50 år sidan, vart dette ein fin kombinasjon.

### Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Noko ein fekk med i 2020 var at konfirmantane var på besøk til dei eldre på Eiklund. 23 januar var 17 av i alt 18 konfirmantar der. Linda Ølmheim og Audun Systad hadde ansvar, for det som vart ein fin ettermiddag, med god kontakt med bebuarane. Tilsaman var det over 40 i daglegstova! Nokre av dei eldre fortalde interessant om si eiga konfirmanttid, og årets konfirmantar om det dei gjorde no.



Etter nedstenginga vart mykje endra. Det har vore mange færre andakter. Det var nokre i sommar og også utpå hausten fram til jul har ein hatt andakter. Dei fleste no har vore avdelingsvis. Ein har hatt mindre besøk på grunn av restriksjonane. Samstundes har ein likevel komme noko betre ut enn mange stader.

**Bønegruppa**, som møtest kvar onsdag kveld i kyrkja ( nokre få gonger på Skype i 2020), har ei viktig oppgåve. Der kjem det inn bønneemne frå menneske i kyrkjelyden, og det blir bedd for dei samlingane som til ein kvar tid skal vere.



# Våren 2021 – i kyrkja – ny nedstenging – noko aktivitet

Er det noko vi kan semjast om, er det at pandemien har vore lang og krevjande for så mange av oss.

Sjølv om vi var heldig å få kontroll på smitten her i Hyllestad – alle ære til dei som har ansvar for det- så vart me råka nasjonalt av nye nedstengingar nett på nyåret.

I store deler av våren har ein berre hatt høve til å vere 10 pluss medverkande. Det har då vore påmelding og føring av frammøte-liste.

I påska og helga etter var det full nedstenging. Påskedagane skjærtorsdag, langfredag og påskedag var det opa kyrkje i Hyllestad. Nokre få fann vegen dit. Det var musikk, tekstlesing og høve til skriving av bønelpar. Rundt kyrkjegardsmuren var det det fine plansjar som omhandla «Via Dolorosa» - Jesu lidingsveg, og Jesu oppstoda og påsketida etterpå. «Deg være ære Herre over dødens makt.»

I mars var det dåp av til saman tre born. Den eine dåpen var i ei vanleg gudsteneste. Dei

to andre var i eiga dåpsgudsteneste. Sjølv om dåp eigentleg høyrer heime i ei gudsteneste der det er nokre frå kyrkjelyden er tilstades, var tilbakemeldinga frå dåpsfølgja at dei var takksame for å kunne ha dåpen i eiga gudsteneste, når det er slik som det har vore no i denne tida. Det er jo og andre tilstades; kyrkjevertar og kyrkjeleg tilsette. Ei eiga dåpsgudsteneste får jo og mykje fokus på dåpsbarnet og dåpsfamilien ein slik dag, så det er kjekt at det kunne leggst til rette for det.

Konfirmantane har vore ei gruppe på 9, og dermed har me kunne hatt samlingar med dei i Hyllestad kyrkje, ganske jamnt denne våren.

Det har og vore undervisning for minikonfirmantar, samt eit par myldresamlingar.

På Eiklund omsorgssenter har det vore nokre andakter i løpet av våren. Det er alltid fint å komme der.

Då det kom nedstenging i januar, og ein berre kunne vere 10 i kyrkja, måtte ein prøve å



vere litt kreativ. Talet ute var jo at ein kunne vere 50 samla.

2 søndagar: 24. januar og 7. februar var det friluftsgudstener i Kvernsteinsparken. På den første var minikonfirmantar presenterte og deltok. 36 møtte fram. På den andre var konfirmantane deltakarar, 24 møtte fram. Det var ganske imponerende, då det denne dagen var heile 12 minusgrader.

I januar og februar var det jo særskilt mykje snø, og ein kunne også gå på ski langt ute ved fjæresteinane denne tida.

## Konfirmasjonar 2021:

Som kjent vert konfirmasjonane også dette året utsett til hausten. Så får me tru at det då blir ei god gjennomføring. Det vart ein konfirmasjon på ein søndag, og ein på ein laurdag. Det vert ikkje konfirmasjon i Bø dette året, men dei vert samla i Hyllestad, etter eige ynskje. Då vert oppsettet slik:

### Øn kyrkje - søndag 29. august kl. 11.00:

Mailèn Hatlem Engdal  
Jarle Tonning Hatløy  
Vilde Nordbø  
Henrik Andrè Halnes Nødset

### Hyllestad kyrkje

#### - lørdag 4. september kl. 11.00:

Synne Avedal  
Emma Eimind-Thorsnes  
Linnea Avedal Hovland  
Adrian Avedal Skaar



# Konfirmantåret 2020/2021

For ein flott flokk som er konfirmanter her i Hyllestad dette året. På tross av koronatider med kansellering av både Nattcup og konfeleir - så har vi aldri høyrte noko surmuling om det - sjølv om eg er sikker på dei så gjerne skulle fått oppleve det.

Men jammen har vi hatt mange fine samlinger - som då vi var i prestefjæra i oktober med nydelig vær, grilling og lagde tru - håp - kjærleik av det vi fann i naturen. Så den flotte lysmesse der vi oppdaga sangtalenta denne gjengen innehar. Til juleavslutning såg vi film og knaska julekaker.

NB! Bileta «Konf.time ute, konf.påskevandring 2 og 3, Blink og Bållkos» inn i tilknytning til dette

I staden for konfeleir var vi ein heil dag i Kvernsteinsparken med masse lek og aktivitetar i snøen - og etterpå tina vi oss opp i kyrkja. Og så den flotte utegudstjenesta i parken med fakler og det vakre lyshjartet i snøen - uforgløyemelege ❤️. På alle samlingar har vi starta med lystenning og sagt dette saman; Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys». Vi har vore gjennom mange stor og viktige temaer som omhandler ungdomslivet, undring, tru og tvil. Og ungdomane har alltid delteke i gode samtaler - drama - sang - lek.

I desse dagar jobber vi oss mot ei avsluttande samtalegudsteneste som ser ut til å bli fantastisk. Vi håpar verkeleg at vi får den slik som planlagt.

Å få vere saman med så kjekk og reflektert ungdom er utruleg givande.

Linda Ølmheim







# Steinkrossane frå Hyllestad – nokre glimt frå ei undersøkjing

I løpet av år 2020 fekk eg høve å lese om og samle ein del stoff om steinkrossane frå Hyllestad. Ikkje minst var eg interessert i bakgrunnen for dei, og den religiøse og historiske konteksten dei står i. Kva var impulsane for dei vest i havet? Kva har dei hatt å seie for kristninga av Noreg?

## Kvernsteinar og steinkrossar - Viktige for identiteten i Hyllestad

Som me veit inneheld kommunevåpenet i Hyllestad kvernsteinar. Det gode arbeidet til Kvernsteinssenteret har meir og meir sett dette på kartet. Slik har det ikkje alltid vore. Dette var ikkje mykje framme, då eg vaks opp her

på 60-talet. Kvernsteinar og steinkrossar var som skjulte skattar, som ein kanskje visste om, men tilsynelatande ikkje var så mykje verdsette. 2.januar 1983 ved ordinasjonen min i Hyllestad kyrkje, lytta biskop Thor With og mange av oss interessert til skulesjefen og dåverande ordførar Per Bygnes sitt innlegg om desse historiske verdiane, som etter kvart skulle få så mykje meir fokus i Hyllestad.

Ser me nord til Askvoll, har dei steinkrossen i Korssundet som sitt kommunevåpen. No ligg Korssund i Fjaler kommune. Krossen er hoggen ut her i Hyllestad, men Askvoll har og ein steinkross ved Vilnes kyrkje på Atløy, som er hoggen

ut her.

Går me sør til Gulen har og dei steinkrossar i kommunevåpenet. Dei har jo to flotte høgkrossar, ein på Krossteigen rett ovanfor kommunehuset, og ein ved kyrkja i Eivindvik. Dei er svært ulike, men felles for dei begge er at dei er hogne ut her i Hyllestad.

## Steinkrossane- eit «spanande og spesielt produkt»

Det er Irene Baug som nytta denne formuleringa under steinkross-seminaret i Hyllestad. Irene kjem frå Lavikdalen og er i dag forskar i arkeologi ved Universitetet i Bergen. Ho har som kjent, vore mykje i Hyllestad og har skrive

ei avhandling om «Steinindustri frå vikingtid og mellomalder». I 2008-2009 var ho med og grov ut det siste funnet av steinkrossar i Hyllestad. «Steinkrossane er kanskje det mest spanande og spesielle produktet vi har frå steinbrota» skriv ho.

I dag er det over 40 steinkrossar frå yngre jernalder (vikingtid) og tidleg mellomalder som er tekne vare på i Noreg. Dette talet omfattar både store frittstående steinkrossar og noko mindre kyrkjegardskrossar. Nokre av desse krossane står enno ute i terrenget der dei eingong vart plasserte, medan andre vert oppbevarte på ulike museum. Det er på

vestlandskysten ein finn dei, og størst konsentrasjon i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Av desse er 23 produserte i Hyllestad frå steinbrota her. 17 av dei finst kringom i Sogn og Fjordane, 3 i Rogland og 3 på museum. (Baug 2004).

## Biskop Fridtjov Birkeli og hans avhandling – og kristninga av Noreg.

Birkeli som var misjonær, lærar og biskop, er den som på teologisk hald har gjort den største undersøkjinga om dei norske steinkrossane. Det er i avhandlinga si frå 1973: *Norske steinkors i tidlig middelalder – Et bidrag til belysning av overgangen fra norrøn religion*

*til kristendom.*

Når ein les Birkeli si avhandling , slår det ein at utgangspunktet og drivkrafta hans ikkje minst er Snorre si framstilling av kristninga av Noreg. At kristninga hovudsakleg skulle ha skjedd ved Olav Tryggvason og Olav den heilage, innanfor eit tidsrom på 35 år, opprørte han. Han synst det er rart at denne oppfatninga heldt seg så hardnakka i det norske folket, at det var berre ved sverdmisjon kristendommen kom hit.

Birkeli tek og i innleiinga til orde for å hente meir kunnskap frå arkeologi og runologi. Dette kan setje sterkare lys på prosessen med kristninga.



Birkeli meiner at dei reiste steinane med runer, hovudsakleg er frå 900-talet. Reiste steinar med krossdekorasjonar finn ein mest på 1000-talet. I ein overgangsperiode, kanskje så tidleg som på 900-talet, kan det ha blitt reist steinkrossar. Ein del av desse kan ha blitt reist med dei første kristne kongane si aktive misjonstid i Noreg. Han daterer høgkrossane til ”forholdsvis tidlig på 900-tallet, og et stykke inn på 1000-tallet”.

Sjølv om det naturleg nok er ulike oppfatningar i desse spørsmåla, har både arkeologar og historikarar gjeve Birkeli rett i at kristningsprosessen var meir langsam enn hevda tidlegare.

#### Nyttige innspel frå arkeologisk og historisk hald

Kristine Holme Gabrielsen, var ei av dei som var med ved Hyllestadseminaret i 2004. Ho skreiv ei nyttig hovudfagsoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen i 2002. Tittelen var: «Vestlandets steinkors Monumentalisme i brytningen mellom hedendom og kristendom.» I innleiingsdelen påpeikar ho, at sjølv om overgangen frå heidendom til kristendom er ein periode som har fascinert mange, så har steinkrossane vore lite utforska i arkeologisk samanheng. Temaet vart derimot tidleg via merksemd innan historieforskinga (Sveaas 1977).

Først dei siste tiåra har arkeologien kome sterkt med . Ho peikar på at ulike forskingsprogram har medverka til det: «Sveriges kristnade» og «Religionsskiftet i Norden».38

I Hyllestad i 2004 , hadde ho eit innlegg om kven som reiste krossane, og eit nyttig oversyn av ulike typar krossar.39 Når «Vestlandets historie» skulle skrivast, med eit

redaksjonsråd leia av professor Knut Helle ved Universitetet i Bergen, så er bidraga til Gabrielsen mellom andre viktige. Det same gjeld Birkeli sitt arbeid. Det er naturleg nok via god merksemd.. I kapittelet «Fra åsatro til reformasjon» , framheld denne artikkelen Holme Gabrielsen sine undersøkingar av 40 store steinkrossar. 23 av dei er produserte i Hyllestad. Frå historikarhald vert det framheva at dei kjem frå dei sentrale gulatingfylka; dei fleste frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

#### Det er to hovudtypar: Store steinkrossar, eller høgkrossar:

1. Dei norsk-keltiske med rette armar og runde armholer.
2. Dei norsk-angelsaksiske med store bua armholer.41

Gabrielsen opererer òg med fem grupper ut frå ytre form:

- A. Krossar med sirkulære armholer.
- B. Krossar med bua kurve mellom armane.
- C. Krossar med V-forma armhole.
- D. Krossar med tilnærma rette vinklar i armholene.
- E. Krossar med kombinerte former.42

Nokre av krossane har runeinnskrift, andre har innrissa ein kross Desse ulike formene tyder på kulturell kontakt med ulike område på dei britiske øyane. Det kan hende at steinhoggarar frå desse områda, i periodar har vore knytt til ein produksjonsstad, som Hyllestad.43

#### Monumentale krossar frå Hyllestad

Professor Knut Helle tolkar dei to kjente krossane i Eivindvik som markeringar av kongelege

framstøyt for kristendommen på Gulatinget ( jamfør Birkeli). Dei tre storslegne steinkrossane på Kvitsøy i Ryfylke, ved Korssundet i Sunnfjord og på Gard ved Haugesund, er sannsynlegvis vitnemål om den tidlege kristne kongemakta. Alle desse fem er produserte i Hyllestad. Dei har ein meir monumental karakter, og ei meir strategisk plassering enn dei krossane stormenn reiste.48

Kongemakta hadde ressursar til dette. Dei tre sistnemnde var og seglingsmerke; spesielt steinkrossen på Kvitsøy ber preg av det.

Hovudredaktøren i nemnde «Vestlandets historie», Knut Helle, skriv og ved biletet av steinkrossen på Gard, at denne må ha vore reist i tilknytning til det som har vore Harald Hårfagre sin gravhaug. Den er plassert ved Haraldstøtta. «Gard- krossen tente, saman med krossane i same steinslaget på Kvitsøy og i Korssundet, som seglmerke ved kystleia i det vestnorske «krossriket».49

#### Konklusjon frå historisk hald:

Det var ulike einingar som reiste krossane. I Rogaland , sør for Boknafjorden, dominerte stormenn kross reisinga, For Rogaland sin del var det Erling Skjalgson som rådde grunn. I Hordaland er det og ei svak overvekt av stormenn. I Sogn og Fjordane er det bygder og fjerdingar (underinndeling av fylke), som ofte har stått bak. I alle tre fylka har kongemakta vore aktive. Krossane står der som ei kraftfull fysisk markering av Gulatinget sitt kjerneområde , og då som Kvitekrist sitt rike.50.

## Krossen på Kvitsøy

(Foto: privat)

Denne krossen står på ei jamn grasslette ved innseglinga i Leiasundet på Kvitsøy. Den er 3,90 meter over bakken, er hoggen i Hyllestad, og er den største av krossane som framleis står. Den er vakkert hoggen , skriv Birkeli og svært «velproposjonert». Han skriv og; «det er noe majestetisk og mektig over korset». Den same kjensla hadde eg, ved eit besøk der i slutten av juni 2020. I hundrevis av år, ja gjerne over 1000 år har det stått der, i allslags vær og vind.

Det er imponerende !

Birkeli framhevar at krossen står som eit seglingsmerke. Ved ein fritidsbustad ikkje langt frå krossen, møtte eg sjølv denne somaren ein mann frå Stavanger. Han fortalde at han brukte krossen på Kvitsøy som seglingsmerke, når han kom med sin eigen båt ut hit frå Stavanger!

Birkeli held fram at ein ikkje har ei sikker datering av krossen. Han held fram, at kongemakta tidleg var sentral på Kvitsøy, og at gardane høyrde under Munkeliv kloster.

Erling Skjalgson og Olav Haraldsson skal ha hatt eit forlik ved krossen i 1016.

(Birkeli 1973: 159-165).



## Krossen på Gard ved Haugesund

Omlag 75 meter frå Haraldstøtta står denne krossen, som og er hoggen i Hyllestad. Her vart kong Harald Hårfagre gravlagd , i fylgje Snorre. Han fortel og at det stod ei kyrkje der, på ein haug som har vore kalla Krosshaug i lang tid. Vinteren 1846-47 brotna denne krossen, men vart reist oppatt i 1852. Krossen er 2,95 meter høg. Birkeli fortel, at her var det, i fylgje lokal tradisjon, eit eldre lagting.

Historia om den er noko uklår. At staden har vore viktig for kongemakta er sannsynleg, og det kan ha vore reist til minne om nokon av etterkommarene til Harald, til dømes kong Eirik som døydde i England, etter at han vart fordriven frå landet. Birkeli seier at dette er ei hypotese, og ein ikkje har noko



klar datering av denne krossen. Den er ikkje først og fremst eit seglingsmerke, men har tyd-

leg hatt ein viktig funksjon for kongemakta. (Birkeli 1973:165-166).





## Kjempekrossen i Korssund:

Birkeli brukar altså nemninga kjempekross og «monumental» kross, for denne flotte krossen som står i det som no er Fjaler kommune (tidlegare Askvoll). Det er alltid gudsteneste kring olsok ved denne krossen.

Den står vel tre mils bilveg frå Hyllestad. Krossen vart nok i si tid transport utover med båt, frå utskipingsstaden Otringsneset ved Åfjorden. Truleg vart den hoggen ut frå ei svær steinblokk, som ein hadde drege ned til fjorden, så vart den hoggen til og forma, for deretter å bli rodd ut fjorden. Det var ein relativt kort veg på sjøen ut til Korssund. Av dei store steinkrossane ein har, er det berre krossen på Kvitsøy som er større. Høgda er 3,84 meter. Krossen er eit vakkert arbeid, med eit fint utforma hol midt mellom armene.

Birkeli skriv at det er fleire som set krossen i samband med segna om Olav den heilage. Olav skal ha reist krossen til minne om at Gud opna leia for han her gjennom fjellet, så han kunne segle ein snarveg. Birkeli siterer Bøyum, mellom fleire på dette. (Bøyum 1956: 16)

Ei omstendeleleg segn så tidleg som i 1838, skrive i Norsk-Penning-Magasin, set krossen i samband med Olav Haraldsson. Den skildrar ei reise han var på, med utgangspunkt i Eivindvik, ved eit besøk til bror sin Harald, som reiste nordover før Olav. Då Olav kom forbi Skiveneset (noverande Hyllestad kommune), opna sundet seg. Dette føyer seg då inn i rekkje underhendingar som skal ha skjedd med Olav den heilage.

Birkeli har ei brei omtale av dette i si avhandling. Han synest det kan vere vel så interessant å knyte Korssund- krossen til Olav Tryggvason litt tidlegare (år 995-1000).

Birkeli nemner at Korssund- krossen kan ha vore reist for å fylle ei dobbel oppgåve: både å vere ein tidleg gudstenestestad i misjonstida, og også eit seglingsmerke for sjøfarande. Det gjeld og krossen på Kvitsøy og ved Gard i Haugesund.

Det smale sundet var ein god ferdselsveg for ikkje altfor store skip. Ved det lune sundet, kunne det og vere veldig fint å overnatte i tider med storm og uvær. Berre 20 meter frå krossen finst det enno ei klar kjelde med utmerka vatn, like ved der skipa kunne legge til for natta. (Birkeli 1973: 191-194)

I dag er Korssund ei lita perle som lokkar mange besøkande til staden.

### Den angelsaksiske krossen på Krossteigen

Kan det ha vore i den perioden Håkon henta geistlege heim frå England, at den eldste av krossane på Gulatinget i Eivindvik, den angelsaksiske, vart sett opp? Birkeli er inne på slike tankar, og argumenterer godt for det.<sup>71</sup>

Kan me tenke oss at nokre prestar og andre som følgde med frå England, tok turen nordom fjorden til kvernsteinsbrota i Hyllestad? Dette for å vise dei som arbeidde der, korleis ein laga ein slik fint utforma kross? Kunne sjølvaste Håkon den gode vore med? Det vert i så fall berre hypotese. At den er frå Hyllestad syner, i alle høve, granatglimmerskiferen.

Birkeli skildrar fint staden der denne krossen står: «Hele bukten er åpen ut mot vest. Fra en mindre slette skråner den amfiteatralsk som i en halvsirkel oppover mot de omliggende høyder og fjell. Gressbakken hvor korset står, kalles Krossteigen.»<sup>72</sup> Denne krossen, som vender mot sør, er 2,49 meter. Midt på krossen si fasadeside er der hogge inn ein utheva latinsk kross. Krossen har ei elegant form. «Det må være laget av en dyktig hugger», skriv Birkel.<sup>73</sup>

I den grundige handsaminga Birkeli gjev av dei krossane han undersøker i sitt materiale, er det spesielt det han seier om dette: «Det er i sin form enestående i Norge og har et klart fremmed preg. Mens vi foreløpig har karakterisert det andre kors i Eivindvik som «keltisk», kunne det vere fristende foreløpig å karakterisere det





Den keltiske krossen ved Eivindvik kyrkje. (Foto: Privat)

som «anglisk». <sup>74</sup>

Styrken i Birkeli sitt arbeid, finn ein ikkje minst i «den religiøse konteksten» han har studert på dei Britiske øyane. Truleg kom Håkon sin biskop frå området rundt Glastonbury i Sør-England. Birkeli gjev døme på krossar frå dette området, som står den angelsaksiske krossen på Krossteigen nær. Impulsen kan ha komme frå Glastonbury-klosteret, som på denne tida var eit av Englands viktigaste andelege senter. Somerset, i same området, er og ein av stadane som kan ha gjeve impuls til denne vakre krossen. <sup>75</sup>

Då vikingane kom med makt til øyane i vest frå slutten av 700-talet, var det eit syn av ulike krossar som møtte dei der. Dei kunne vere både enkle og rikt dekorerte, både låge og høge. Vikingtoktene gjekk hardt utover mange kloster og religiøse senter, men som Birkeli skriv: «Men livet gikk videre, og utover i 900-talet og 1000-talet kan man altså se skandinaviske stilinnslag på angliske steiner. Kulturelt og religiøst trakk nordmennene det korteste strå. De ble etter hvert kristnet og fant seg til rette med liv og forhold i de nye land». <sup>76</sup>

Me har sett, at på Vestlandet var den nye trua mest moden for å bli teken imot. På Gulatinget er det Håkon den gode som er omtalt som lovgjevar. Han står i sagatradisjonen i motsetningsforhold til Håkon sine fiendar, Eirikssønene. I følge Helle var det truleg Eirikssønene sitt danskstøtta angrep på Håkon



Krossteigen Eivindvik. Foto: John Erling Blad (2008).

sitt vestnorske kjerneområde, som gav opphav til den kjente vestnorske leidangsordninga. Her gjekk bøndene med på å stille skip til rådvelde for kongen i landvernet. <sup>77</sup>

Gulatinget, som er spesielt i verds-samanheng, var og ein forløpar for det islandske Alltinget.

Håkon henta lovstoff frå kong Athelstan, som han var oppfostra av.

Absalon Taranger peikar på at det var først den verdslege lovgjevinga som fekk størst merksemd hos Håkon, Hans kyrkjelege forordning prøvde å gje dei heidenske festane eit visst kristeleg tilsnitt. Det var eit forsøk, men tida var ikkje heilt moden. <sup>78</sup>

Krossen i Krossteigen kan stå som ein djerv freistnad på å innføre trua Håkon hadde blitt overtydd om og oppfostra i gjennom opphaldet i England. Om ikkje det skulle lykkast i hans tid, var eit viktig grunnlag lagt.

#### Den «keltiske» krossen ved kyrkja

Medan Birkeli set krossen på Krossteigen i sam-

band med Håkon den gode, peikar krossen ved kyrkja, altså den «keltiske», meir i retning av Olav Tryggvason (konge 995-1000). Denne krossen har ei lengd på 2,75 m, og står i dag til høgre for inngangen til kyrkjegarden ved Eivindvik kyrkje.

Etter folketradisjonen er det Olav den heilage som har fått æra for begge krossane. Birkeli argumenterer med at det er dei to første kristningskongane, som sagaen i første rekkje set i samband med Gulatinget, ikkje Olav Haraldsson. Om Olav den heilage og Gulatinget finst det faktisk ikkje noko om i sagaen. Kanskje kan det vere ei folkeleg forveksling mellom dei to Olav-ane, spør Birkeli. Han viser til at etter som Olav Haraldssons vart Olav den heilage, kunne det vere mykje som vart tillagt han som andre kongar sine liv og innsats skulle hatt æra av. <sup>79</sup>

Knut Helle argumenterer for at plasseringa av den keltiske krossen, slik den står i dag, så kan dette ha bidrege til å ramme tingplassen inn på den motsette sida av Krossteigen. Han refererer Birkeli si hypotese om at det kan vere Olav Tryggvason som kan ha fått reist den keltiske krossen. <sup>80</sup>

#### «Steinkrossane sitt rike»

Knut Helle er og inne på dette med at fleire av dei største krossane kan vere reiste av det tidlege kristne kongedømet. Det gjeld spesielt ei gruppe på fem særleg store og monumentale kors, i høgde frå 2,65 til 3,90 meter over bakken og alle hogne i Hyllestadstein. <sup>81</sup>

Medan dei to krossane i Eivindvik først og fremst var reiste for å ramme inn møtestaden for Gulatinget, så er dei tre andre plassert ved den vestnorske kystleia, og må mellom anna ha fungert som seglingsmerke.

Det høgste står ved Leiasundet på Kvitsøy i Ryfylke, det nest høgaste ved innløpet til Korssundet i Sunnfjord, og det tredje på Gard ved Haugesund.

Det innebar store ressursar, og også påverknadskraft å plassere «de fem nevnte monumentale Hyllestad-korsene på strategiske steder fra Sunnfjord og like sør til Ryfylke, og det er vanskelig å se at noen annen makt enn det tidlige kristne kongedømmet kunne stå bak.» <sup>82</sup>

## Kystpilegrimsleia:

### *Som perler på ei snor – meir himmel på fjord – sommaren 2021*

Som det har vore skrive om før her i kyrkjelydsblad, er altså Kvernsteinsparken ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia. Den strekkjer seg frå Egersund i sør, og til Trondheim i nord. Såleis ligg me her i Hyllestad om lag i midten.

Denne sommaren har bispedømet utfordra kyrkjelydane her ved kysten om å lage arrangement, friluftsgudstenester og anna, som eit ledd i å ta i bruk leia og gje kunnskap om den. Dei oppmodar også om å bruke dagsturhyttene, til slike arrangement.

Går ein inn på [www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no), finn du ein presentasjon og eit oversyn over arrangementa. I ei tid med pandemi, kan det og vere fint nettopp å bruke naturen og å vere ute. Kortreist ferie er og eit omgrep som no meir vert teke i bruk.

Lokalt her i Hyllestad vert det i samband med dette, følgjande arrangement:

*Søndag 27. juni kl.16:* Søre fjordshytta/ Dagsturhytta kl. 16. Friluftsgudsteneste v. sokneprest i Askvoll Kjell Olav Nordheim.

*Søndag 25. juli kl. 14:* Kvernsteinsparken kl. 14 v. sokneprest Audun Systad, Hyllestad og Knut Arne Kummeneje.

Søndag 1. august: Korssund v. steinkrossen kl. 14: v. sokneprestane Audun Systad og Knut Arne Kummeneje, Fjaler

Kulturarrangement ved Rutlekvia ved Teigevatnet søndag 1. august kl. 17.

Dette vert eit samarbeid med Skifjord Grendalag, og soknerådet i Hyllestad. Ved det idylliske Teigevatnet ligg den gamle kyrkjevegen frå Skifjord til Øn. Ein går frå Osen på veg til Skifjord, og innover langs Teigevatnet. Dette vert og eit arrangement i samband med markeringa av Kystpilegrimsleia. Sjå nærare kunngjeringar i løpet av sommaren. Som nemnt vil ein finne alt dette på sida til kystkultur.no, og der altså mange andre arrangement langs kysten. Dette kan gje oss nytt innsyn i historie og kultur.

På desse arrangementa, kan ein mellom anna møte nokre av desse tema. (Det første er utarbeidd lokalt her i Hyllestad)

- Eitt om Steinkrossane som står mange stader langs kysten: «Den gode skatten»
- Eitt om trua som kom frå havet i vest. Om Sunniva og hennar historie: «Våg trua!»
- Eitt om marin forsøpling: «Ta vare på Guds skaparverk.»



## Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
www.blomstertorget.no



## Kyrkjekontoret formidler sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/> For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290**



# Velkommen til kyrkje

Dette er gjeldande gudstenesteplan, men her kan, i desse korona-tider, koma endringar. Fylg difor med på kyrkja i Hyllestad si facebook-side og i lokalavisa. Påska er veldig usikker, i det bladet går i trykk. Vi vil og freiste halda heimesida, [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no), so oppdatert som råd er.

|                        |                                  |           |                                                                                                                             |
|------------------------|----------------------------------|-----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 17. mai:               | Hyllestad                        | kl. 11:30 | Festgudsteneste                                                                                                             |
| 23. mai:               | Øn                               | kl. 11:00 | Pinsedagsgudsteneste, offer til Kyrkjelydsarbeidet                                                                          |
| 30. mai:               | Alværa misjonssenter             | kl. 11:00 | Alværastemne                                                                                                                |
| 30. mai:               | Hyllestad                        | kl. 18:00 | Samtalegudsteneste med konfirmantane (kan bli tidlegare i veka, sjå kunngjeringar).<br>Takkoffer til Trusopplæringsarbeidet |
| 6. juni:               | Bø                               | kl. 11:00 | Takkoffer til NMS i Mali, misjonsprosjekt                                                                                   |
| 13. juni:              | Hyllestad                        | kl. 11:00 | Takkoffer til Norea mediemisjon                                                                                             |
| 27. juni:              | Sørefjordshytta/<br>Dagsturhytta | kl. 16:00 | Friluftsgudsteneste (Kjell Olav Nordheim)                                                                                   |
| 4. juli:               | Øn                               | kl. 19:30 |                                                                                                                             |
| 18. juli:              | Bø                               | kl. 16:00 |                                                                                                                             |
| 25. juli:              | Kvernsteinsparken                | kl. 14:00 | Friluftsgudst. Markering av Kystpilegrimsleia                                                                               |
| 1. aug.:               | Korssund                         | kl. 14:00 | Markering av Kystpilegrimsleia                                                                                              |
| 8. aug.:               | Hyllestad                        | kl. 16:00 |                                                                                                                             |
| 22. aug.:              | Hyllestad                        | kl. 11:00 | Presentasjon av neste års konfirmantar.                                                                                     |
| 29. aug.:              | Øn kyrkje                        | kl. 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste                                                                                                    |
| 4. sept.<br>(laurdag): | Hyllestad                        | kl. 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste                                                                                                    |
| 5. sept.:              | Bø                               | kl. 20:00 | Kveldssong.                                                                                                                 |
| 19. sept.:             | Hyllestad                        | kl. 11:00 | 50-årskonfirmantar                                                                                                          |
| 26. sept.:             | Hyllestad                        | kl. 16:00 | Haustakkegudsteneste med 4-årsbok                                                                                           |
| 3. okt.:               | Øn                               | kl. 11:00 |                                                                                                                             |
| 31. okt.:              | Hyllestad                        | kl. 15:00 | Kyrkjelydsbasar                                                                                                             |

## FERIETIDA

Sokneprest Audun Systad har ferie frå 14. juni – 18. juli (veke 24-28). Ved behov for kontakt med prest: kontakt prostiprest Runar Matsui Lie, tlf. 488 90 086

*Prestevikarar i sommar i Sunnfjord prosti.*

Grunna vakansar og permisjonar får vi heile 5 studentar som prestevikarar til Sunnfjord. Dette vil vere til inspirasjon for kyrkjelydane våre og ei god erfaring

for studentane. Dei vil vikariere i heile prostiet. Dei vil ha kyrkjelege handlingar og gudstenester med dåp og nattverd. Maria Othilie Georgsen og Ingvild Prestbø vil vere basert i Gaular. Torhild Larsen-Nygård og Silje Marie Halvorsen vil vere basert i Florø og Knut Nordeide i Førde. Vi ynskjer å bruke studentar jamleg framover. Dette gjev oss nye impulsar og studentane viktig kjennskap til vårt område.

## Glede og sorg

### DØYPTE:

**Hyllestad:** Niam Nordstrand  
Noelle Akse Kalstad

**Øn:** Phillip Herstad Kolgrov

**Bø:** Adam Solås Tonning

### DØDE:

|                   |                       |        |
|-------------------|-----------------------|--------|
| <b>Bø:</b>        | Ivar L. Sognnes       | f.1924 |
| <b>Øn:</b>        | Harald Torvund        | f.1936 |
|                   | Solveig Ragnhild Giil | f.1917 |
|                   | Otto Magnus Øen       | f.1948 |
| <b>Hyllestad:</b> | Kjellaug Hovlandsvåg  | f.1933 |
|                   | Atle Risnes Hovland   | f.1933 |
|                   | Benny Oline Lekva     | f.1929 |



Treng du elektriskar,  
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



## Lat oss realisere din bustaddraum!

Vi tilbyr: • Hus og hytter frå Norgeshus  
• Eigen prosjekteringsteneste  
• Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - [www.rylandbygg.no](http://www.rylandbygg.no) - [rylandbygg@norgeshus.no](mailto:rylandbygg@norgeshus.no)



## INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



### Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

### Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

#### Faste medlemer:

Linda Ølmheim  
Reidun Skår  
Steinar Urnes  
Anny Dale Fureli  
Liv Synnøve Andersen  
Brit Inger Skaar

#### Varamedlemer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

## Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00  
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: [post@hyllestad.kyrkja.no](mailto:post@hyllestad.kyrkja.no)

For anna adresseinfo sjå: [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no)

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

#### KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiur/kyrkjeverje: Irene Fløde • Kontortid tysdag

E-post: [irene.flode@hyllestad.kyrkja.no](mailto:irene.flode@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: [aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no](mailto:aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: [audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

#### I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad - Mobiltelefon: 952 23 549

#### UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: [toril.lange@hyllestad.kyrkja.no](mailto:toril.lange@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 922 40 966

#### HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

#### KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk:  Ingvald Husabø Prenteverk as

### Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne



Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på

tlf. **975 83 290**

E-post: [post@hyllestad.kyrkja.no](mailto:post@hyllestad.kyrkja.no)

Vi formidlar og sal av nye gravminne frå Nergård Steinindustri.